

Retningslinjer knytt til ønske om flytte av langtidsplass frå ein sjukeheim til ein annan:

Bjørnafjorden kommune tildeler langtidsplass når det vert vurdert at ein ikkje lenger kan gje forsvarleg helsehjelp i heimen. Tenesta kan bli gitt ved Fusa bu- og behandlingssenter eller ved Luranetunet bu- og behandlingssenter. Kommunen har ikkje plikt til å tildele plass i nærleiken av bustad/familie.

Dersom ein ønskjer å flytta til ein annan institusjon enn der ein har fått tildelt plass, må ønskje om dette fremjast skriftleg til Avdeling for forvaltning og koordinering, afk@bjornafjorden.kommune.no

Vi vil så langt som mogleg prøve å tildele plassar etter ønskje, vi tildeler etter gitte kriteria.

Om du har ektefelle på annan institusjon

Om du treng spesialavdeling,

- a. Avdeling for yngre med demenssjukdom. Luranetunet har ei slik avdeling
- b. Avdeling for personar med demenssjukdom som treng ekstra tett oppfølging. Luranetunet har ei slik avdeling

Det vil i kvart tilfelle bli vurdert kva avdeling ein vil kunne stå på venteliste til.

- a. Bu-avdelingane er for personar som ikkje har ei demensdiagnose
- b. Dementavdelingane er for personar med demensdiagnose.

Ved tildeling av sjukeheimplass der det kjem fram ønskje om plass ved annan institusjon, melder forvaltninga frå til den institusjonen vedkomande ønskjer å flytte til. Ein vil då kome på denne institusjonen si venteliste.

Ved ledig plass på langtidsavdeling er hovudregel at ein følgjer ventelista.

Plass på venteliste vil avgjerast etter dato for vedtak på langtidsplass om ein ikkje er prioritert i gruppe over.

Unntak:

Heimebuande med plutselig behov der ein ikkje kan gi forsvarlege helsetenester i heimen eller ved korttidsavdelingar.